



# Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen  
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

## Protokoll frå møte i Øystre Slidre ungdomsråd

Dato / tid: måndag 16.oktober 2023, kl.16.30-18.30  
Stad: Tingvang, kommunehuset

Møtt: Eirik Mørstad Bråthen, Erlend Aasan, Ane Melby, Kristin Kjørli, Vilhelm Petter Enerud, Stine Marie Hillestad  
Ikkje møtt: Jostein Sørensen,

For kommunen: Øystein Skattebu  
Besøkande: Bjarne Budal, One Enerud

### Sak 23/08    Konstituering av ungdomsråd

#### **Bakgrunn for saka:**

Etter val av nytt ungdomsråd, skal ungdomsrådet konstituere seg sjølv. Ungdomsrådet ska ha ein leiar og ein nestleiar.

Det nye ungdomsrådet skal formelt veljast av kommunestyret. Denne saka var meldt inn til kommunestyret 12.oktober, men bli ikkje behandla før møtet 26.oktober.

Dagens ungdomsråd består av to av dei tidlegare valde medlemmane. Dei øvrige medlemmane eller varaane har ikkje kunne møte denne hausten, då dei har flytta frå kommunen. Dei føreslegne nye representantane var invitert til dette møtet, som ekstra ungdomsrepresentantar.

#### **Vedtak:**

Ungdomsrådet utset konstitueringa til fyrste møte etter 26.oktober.  
Eirik Mørstad Bråthen held fram som leiar, og Erlend Aasan som nestleiar fram til ny konstituering.

Ungdomsrådet vil ikkje koma med innspel i saker før dei er formelt valde i kommunestyret.

### Sak 23/09    Innspelsrunde - ny idrettshall i kommunen

#### **Bakgrunn for saka:**

Øystre Slidre kommune har sendt ut brev til alle lag, foreiningar, kommunale råd m.f, med ynskje om innspel i saka om ny idrettshall i Øystre Slidre kommune.

Saka har bakgrunn i innspel til Oppvekstplanen 2023-26.



# Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen  
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Kommunen skal gjere ei utgreiing av behov og kostnad ved bygging av ny idrettshall i midtbygda. Arbeidet skal sjåast i samanheng med plan for uteområdet ved ØSUS/Tingvang, men også med tanke på sentrumsutvikling for Heggenes-Tingvang og friområdet Furustrand.

Øystein legg fram saka for ungdomsrådet i møtet.

## Behandling:

Ungdomsrådet ynskjer å utarbeide eit innspel til saka, som skal sendast inn skriftleg innan fristen, 27.oktober.

Møtet vert brukt til å drøfte ulike spørsmål i grupper og plenum. Ungdomsrådet vil jobbe vidare med innspelet i eige møte kring denne saka, måndag 23. Oktober.

Eirik og Erlend tek oppgåva med å utforme arbeidsspørsmål og plan for gjennomføring av møtet, 23. oktober. Øystein kallar inn til møtet.

Sak 23/10      Medverkingsarbeid – planlegging av prosess for uteområdet ØSUS

## Bakgrunn for saka:

Øystre Slidre kommune skal gjennomføre ein medverkingsprosess blant ungdom, med fokus på elevane på ØSUS, for å greie ut behov knytt til utvikling av uteområdet ved ØSUS.

Saka har bakgrunn i Oppvekstplanen 2023-26.

Kommunen skal behovsvurdere og utarbeide ein plan for opprusting av uteområdet ved ØSUS. I arbeidet skal ein vurdere bruk av eksterne tenester for å sikre god medverking og ein heilskapleg plan for bruk av skuleområdet. Planen skal sjåast i samanheng med arbeidet med ny idrettshall, sentrumsutvikling Heggenes-Tingvang, og Furustrand friområde.

Opprustinga skal i følge oppvekstplanen vere ferdig i 2024.

Det er ynskje om at ungdomane sjølv, gjennom involvering av ungdomsrådet og elevrådet ved ØSUS skal vere med å forme medverkingsprosessen.

Øystein legg fram saka for ungdomsrådet i møtet.

## Behandling / vurdering:

Øystein informerte kort om prosessen og ynsket om at ungdomsrådet kjem med tidlege innspel til medverkingsprosessen.

Ungdomsrådet ynskjer å vere med å forme prosessen, men valde å utsette saka til etter at dei er ferdige med innspelet til idrettshall.



# Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Skrivar:

Øystein Skattebu

Avdelingsleiar Ung kultur (koordinator for ungdomsrådet)